



## Dei tri bukkarne Bruse.

Av Helge Leirdal.

Det var ein gong eit troll som budde under ei flopp. Det var so stygt og fælt at du kann'kje tru det.



So var det ein dag det trippa på floppi. –Kven er det som trampar på mi bru? skreik trollet. –Å, det er den minste bukken Bruse, svara det med so grant eit mål, –eg skal til seters og gjera meg feit. –Ja, no kjem eg og tek deg, skreik trollet. –Å-nei, ta inkje meg, ta bror min, han er mykje feitare enn meg. –Ha! sa trollet, og so slufte det bukken med hud og hår.

Inkje lenge etter trippa det atter på floppi. –Kven er det som trampar på mi bru? skreik trollet. –Å, det er den millomste bukken Bruse, eg skal til seters og gjera meg feit. –Ja, no kjem eg og tek deg, skreik trollet. –Å-nei, ta inkje meg, ta bror min, han er mykje feitare enn meg. –Hø! sa trollet, og so glesste det i seg den bukken ogso med alt som var.

Snart var det atter nokon på floppi. –Kven er det som trampar på mi bru? skreik trollet. –Å, det er den største bukken Bruse, eg skal til seters og gjera meg feit. –Ja, no kjem eg og tek deg, skreik trollet. –Ja, berre prøv deg du! sa bukken, han var grov i målet, og inkje mykje rædd, den karen. –Hø! sa trollet, –ja, berre gå du, no er eg so stappmett at inkje orkar eg meir likevel.

Og so tenkte det vel med seg, at det kunde vera greidt at hava litt mat til hausten ogso. Trolli er slett'kje dumme, må du tru!



Bestefaren og systeri til trollet (eit eldre bilete).



## Trollet.

Me las at trollet budde under ei flopp. Men sér det ikkje ut som ei bru? Jau, biletet er nemleg teke nokre år etter bukkarnes endelift. Det som stjedde var at ein myrk haustkveld vasa ein ikkje heilt edru skylst seg utfor kanten på floppi. Trollet, som stoff hovudet fram akkurat i det same, det vilde sjå kva som var tids, fekk honom rett i andlitet. Kjeda hefta seg fast i nasen; var berre so vidt det gjekk bra. Etter denne uffjelge hendingi sette trollet upp eit fæla svært rekkverk på floppi. Det vilde infje hava meir av slift. Som me sér på biletet er den stoffars nasen fortsatt både raud og idl.

Trollet treivst forøvreg godt under floppi; d'var eit sutalaust liv. Å få taf i mat var 'kje noko problem helder, for den lokale bakaren leverte både i bygdi han budde og i gannebygdi, so han måtte hver floppi kvar morgon. So trollet fekk rett som det var stufke til seg både brød og bollar. Det var mest slike som bakaren hadde vore uheldig med; dei hadde gjerne vore for lenge i omnen, men det vørde ikkje trollet. Det tykte det var berre godt med litt brendt skorpe, for det gav ekstra smak. Og drikke: alltid kaldt friskt vatn på ein armlengdes avstand.

Det var ogso mange andre som gav trollet mat; gjerne slift dei hadde løyvt: dei tenkte vel som so at å hava eit svolte troll i naboskapet, nei, dét var 'kje noko lurt.

Trollet sov godt um natti, i hengjekøye. Rettnok var det ein balansekunst å koma seg uppi, men gjekk no stort sett utan at det hamna i elvi. Trollet hadde botte fast ei gamal dundyne under hengjekøya, so det låg heitt og godt. Og på undersida av floppi hadde det festa ein svær oljeduf. Den gjorde at der var knuskturt, same for gale det regna.

Under eine enden av floppi var der ei liti berghole. Der hadde trollet ein vedomn som det sprengfyrde vinterstid. Det var nesten som det vart for heitt rett som det var. So det stod ikkje på.





## Storfolki.

Storfolki (trolli) budde stort sett i byarne; sjå for store dimensjonar gamle bygningar der ofte hev: voldsomt høgt under taket og store dyrrar. Ute på landet var det mest berre småfolk (o/s).



På biletet her ser me skildnaden i storleik på småfolki og storfolki. Tredje etasje er tydelegvis berekna på tenarane (småfolki).

På eit tidspunkt vart det vedteke at storfolki skulde bli vekke og gløymd. Dei vart utrydda med alle tenkelege midlar. Dei vart fredlause og kalla "troll". Til sist vart det til og med gjort slik at dei ikkje lenger tolte dagsljøs, og spesielt ikkje direkte solskin. Dei vart "forsteina". Det er funne mykje beinrestar etter deim; mange komplette skjelett, spesielt i USA, men det hev fort vorte dycsa ned.



Ei segn fortel um tvo kjempor som budde på kvar si side av Lustrafjorden. Dei tok til å byggja kvar si kyrkja. Men då kjempa i Solvorn såg at kyrkja på Ornes vart gildare enn hans eigi, blei han so arg at han heiv ein gastar stein etter henne. Men han bomma, og kjempa på Ornes sende so attende ein stein som datt ned rett uppum kyrkja i Solvorn. Båe steinarne skal fortsatt finnast som bautasteinar.

Dette er nok godt hverdrive. Men at dei fyrste kyrkjerne der vart bygde av storfolk er det liten tvil um: sjå berre for mykje høgare dyrropningarne var en i dagens kyrkjer. Det ser me også i gamlekyrkja i Gaupne der inngangsportalen er frå ei eldre kyrkje (biletet).

